



Svein Olav Kårdal
Bakken 4
5955 LINDÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/2188 - 19/34848

Saksbehandlar:
Eilin Houlison Molvik
Eilin.Houlison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:
26.11.2019

Etterlyser søknad om ferdigattest for utviding av terrasse - gbnr 108/268 Lindås

Tiltak: Riving av takoverbygg og utviding av eksisterande terrasse
Tiltakshavar: Svein Olav Kårdal
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-4

Lindås kommune viser til vedtak «Løyve til tiltak utan ansvarsrett gbnr 108/268 Kolås 2» datert 19.11.2015, sjå vedlegg.

Søknadspliktige tiltak skal avsluttast med ferdigattest jf. plan- og bygningslova §21-10 og byggesaksforskrifta § 8-1. *Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.*

Vi kan ikkje sjå å ha motteke søknad om mellombels bruksløyve eller søknad om ferdigattest for tiltaket. Dersom tiltaket er ferdigstilt ber vi om at de fyller ut og sender inn vedlagd skjema for søknad om ferdigattest. Dersom tiltaket ikkje er realisert ber vi om at de melder attende om det.

Vi gjer merksam på at dersom tiltak ikkje er igangsett innan 3 år frå vedtaksdato så er løyvet utløpt og de må søkje om nytt løyve etter dagens regelverk.

Frist for å søkje om ferdigattest eventuelt å melde attende om at arbeidet ikkje er utført vert sett til 17.12.19.

Vi gjer merksam på at dersom tiltaket er ferdigstilt og tatt i bruk utan at det ligg føre ferdigattest eller mellombels bruksløyve kan kommunen pålegge dykk å søkje om ferdigattest.



